



Jeanette klar for innsats for Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For eitpar veker sidan starta Jeanette Gretland Guddal frå Moss (39) i jobben som butikksjef i Husnes Røyr. Omtrent samtidig vart ho vald til formann i Uskedal Utvikling. Ho tek fatt på begge oppgåvene med stor entusiasme og innsatsvilje.

**- Uskedalen er ei koseleg bygd, seier Jeanette.
Som mange andre vart ho lokka hit av kjærleiken!**

Det er ikkje berre ein mossaing som har flytta til Uskedalen fordi Jeanette traff Finn Guddal under ein firmautflukt til Paris hausten 2003. Det er to, for Jeanette har med seg sonen Henrik. Han er 18 år og går på vidaregåande på Husnes. Og han satsar på byggfag – som mora!

Ho er født inn i bransjen. Faren til Jeanette dreiv i si tid eit byggefirma som var eitt av dei største i Østfold. Han hadde mellom anna ein stor entrepriser på flystasjonen på Rygge og der starta 16 år gamle Jeanette yrkeskarrieren sin som forskalingsnekkar! Ho gjekk meir eller mindre inn i firmaet og har seinare stort sett dreve med bygg og trelast i alle år.

Men ho har også allsidig utdanning: Ho gjekk tømrarlina i vidaregåande og marknadsføringslina i BI og var dessutan innom folkehøgskulen på Halsnøy!

Dei siste fem åra før ho flytta til Uskedalen september 2005 var ho driftssjef i Byggeriet i Moss og sat som medlem av Byggeriet sitt bransjeråd på landsbasis i halvtanna år.

Men for fire og eit halvt år sidan var Byggeriet sine leiarar på tur til Paris. Der traff Jeanette uskedelingen som ho seinare skulle bli gift med.

- Har du ein "programerklæring" som leiar i UU, Jeanette?
- Eg meiner allereie mykje om mange ting, men vil gjerne teste ut ideane mine i styret før eg går ut med dei. Men eg har oppfatta det slik at eg vart vald fordi det er eit ynskje om fornying.

Det vil prega arbeidet mitt.

Det er positivt med kultur, men det kan bli for mykje – det må også skje noko anna i bygda viss den skal overleva.

Difor meiner eg at Uskedalen bør samarbeida meir med Husnes og delta meir aktivt i det som skjer der. Det vil vi dra nytte av på lengre sikt.

Det same bør Rosendal gjera, seier Jeanette.

Av Ola Matti Mathisen



Jeanette klar for innsats i Husnes Røyr. (Foto: Ola Matti Mathisen)